

Kvinnherad idrettsråd



Årsmelding 2019 – styret sitt framlegg til årsmøtet

Årsmøte vart halde 27. oktober 2020 på Rådhuset i Rosendal.

Styret denne perioden har vore:

Richard Erlandsen (leiar), Halsnøy II
Anna Prestnes (nestleiar), Kvinnherad Handballklubb
Gunnar Våge (kasserar), Rosendal TI
Hilde Enstad (styremedlem), Il Trio
Christin Sund (styremedlem), Il Trio
Gro Rusten Saghaug (styremedlem), Il Ternen
Kim Røssland (styremedlem), Strand Ulv

Vararepresentantar

Einar Oppedal, og
Lars Emil Berge.

Revisorar

Willy Kalsås
Knut J. Helvik.

Styret har hatt seks møter i perioden. Drifta vert finansiert med kontingent frå medlemslaga.

Samarbeid med idrettslaga

Heimeside for idrettsrådet, eige Facebook-side og e-post gjennom SportAdmin vert nytta til å formidla informasjon til medlemmane.

Idrettsrådet administrerer framleis ordninga med medaljar til Kvinnheradmeisterskap i idrett. Det var i perioden utdelt ca. 200 medaljar, som etter styret sitt vedtak i 2019 er gratis for idrettslaga. Ein opplever at idrettslaga synes det er ei fin og ryddig ordning.

Lokalidretten og kommunen

Idrettsrådet ved leiar har gjennomført regelmessige møter med idrettskonsulent i kommunen og behandla framlegg til plan for tildeling av spelemidlar og kommunale investeringsmidlar til prosjekt i Kvinnherad.

Rådet har ansvar for utdeling av breiddeidrettsstipend for Kvinnherad, og i 2019 var det Kvinnherad Handballklubb (KHK) og Halsnøy II som søkte. KHK fekk tildelt stipendet på kr 50 000,-. Det står framleis att arbeid med elitestipendet.

I perioden har Idrettsrådet vore på eit klubbeseøk til Strand Ulv II, Trio II og Halsnøy II. På denne måten kjem rådet i direkte dialog med styre i dei forskjellige klubbane, ein får synfaring på anlegga, samt forsterkar ein dialog og samspel mellom idrettslag og kommune. Styret har ein intensjon om å halde møter ute hos lokallaga også i framtida.

Styret i idrettsrådet har vore representert i prosjektgruppa for ny fleirbrukshall på Husnes med leiar Richard Erlandsen.

Organisasjonsledd i NIF

Idrettsrådet har i 2019 fordelt kr 1.009.507,- av lokale aktivitetsmidlar til medlemene. Dette er spelemidlar øymerkt aktivitetar for barn og ungdom i alderen 6 – 19 år. Midlane vart fordelt etter kriterium fastsett av årsmøtet. Alle idrettslag med namngitt ressurskontakt fekk eit beløp iht. angitt skala og kr. 50.000,- vart delt ut til barne- og ungdomstiltak gjennom breiddestipendet. Dei resterande midlane vart fordelt med vektal 2 for ungdom (13-19 år) og vektal 1 for barn (6-12 år). Grunnlag for utrekninga var aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei låg føre i KlubbAdmin.

Richard Erlandsen representerte Kvinnherad Idrettsråd på Idrettsrådskonferansen i mars 2020, arrangert av Vestland idrettskrins. Det var svært nyttig konferanse med aktuell innhald knyta til utforming og planlegging av idrettsanlegg med bakgrunn i dansk modell med fokus på sosiale møteplassar for alle grupper i samfunnet: organiserte, uorganiserte, streetkultur, skule og kommunale tenester i fellesskap.

Samfunnsoppdrag

Idrettsrådet har oppmoda medlemslaga til å peike ut ressurskontaktar. Dette er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningsbakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten er kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom.

Det har i perioden vert jobba målretta for fattigdomsbekjempelse. Leiar i idrettsrådet, saman med kommunen sin ressurskontakt, deltok i september 2019 i Oslo i inkluderingskonferansen i regi av NIF. Idrettsrådet, saman med kommunal resurskontakt arrangerte i løpet av 2019 fleire samlinga i Rosendal og på Halsnøy, der alle dei respektive klubbar sine ressurskontaktar og frivilligheitsentralen ble invitert. Der ble gode seansar kor ein har sett på forskjellige måtar å fange opp dem som trenger det mest i kommunen vår. Det er planlagt ein oppfølgingssamling i løpet av 2020, avhengig av situasjon med Covid-19.

I august 2019 inviterte KIR saman med Kvinnherad handballklubb til eit to timar langt føredrag om overgrep i idretten. Trenere, lagleiarar og styremedlemar i lag og organisasjonar i kommunen høyra på føredragshaldar Trond Berge Høvik frå SMISO, ein av dei fremste i verden på tema.

Covid-19 pandemi

12. mars 2020 stengte Norge ned, noko som gjekk sterk utover idretten nasjonalt og lokalt. I kommunen vår medførte dette at alle idrettsanlegg vore stengt og tilhøyrande aktivitetar var avlyst. I denne perioden var idrettsrådet i tett dialog med idrettslag, med idrettskonsulent og med kommunelegen.

Etter kvart opna ein opp samfunnet igjen og enkelte idrettar kunne starte med trening og kamp, så framt smittvernreglement var følgt opp. KIR har jobba med å lage oversikt over konsekvensar av Covid-19 stenginga, både for økonomi og fråfall i alle idrettslagane i kommunen, samt hold dialog med idrettslagane for å støtte dei i dei daglege aktivitetar.

På grunn av pandemien har NIF utsett gjennomføringa av årsmøte til etter sommaren og KIR sitt årsmøte var flyttet frå mai til oktober 2020.

Styret i Kvinnherad idrettsråd, 27. oktober 2020

Richard Erlandsen
styreleiar

Anna Prestnes
nestleiar

Gunnar Våge

Hilde Enstad

Kim Røssland

Gro Rusten Saghaug

Christin Sund